



Omstridt

TYRKIA. Som venta vart den tidlegare tyrkiske utanriksministeren Abdullah Gül valt til ny president i Tyrkia i den tredje avstemningsrunden i nasjonalforsamlinga. Han tilhøyrrer det muslimsk orienterte partiet AKP, og er svært omstridd i Tyrkia. Landet har grunnlovsfesta at det skal vere ein sekulær, ein ikkje-religiøs, stat, og mange fryktar for at Gül vil prøve å omgjere denne arven frå grunnleggaren av det moderne Tyrkia, Kemal Atatyrk. Då den nye presidenten avla eiden i går, forsikra han at han vil respektere demokratiet og den sekulære republikken. Det står att å sjå om han held ord. Islamistane har hatt framgang i Tyrkia, men det store

fleirtalet vil nok framleis ha ein ikkje-religiøs stat, og det vil ikkje minst dei militære.

Europa-tilnærming. Den nye presidenten har ei fortid som høgt respektert diplomat, og han har avgjort ein ambisjon om å knyte Tyrkia tettare til EU, og aller helst sjå til at Tyrkia blir EU-medlem. Det blir ikkje lett. Skepsisen for den store muslimske staten Tyrkia er stor i fleire EU-land, og Frankrikes nye president, Nicolas Sarkozy, har vel nærast lagt ned veto mot tyrkisk medlemskap. På den andre sida kan eit tettare samarbeid med EU vere viktig for å stabilisere og demokratisere Tyrkia.